

LESESTRATEGI

Husk å velge lesestrategi før du begynner på teksten!

Kire: Hulder

Erik pusta tungt. Han delvis gjekk og delvis klatra oppover fjellsida. Mora gjekk med lette steg føre han.

– Her er det perfekt, sa ho og peikte på ein flat stein. Dei sette seg der og åt.

Brått fekk Erik ei kjensle av at mora trudde nokon hørde dei der dei sat. Og han kjende håra reise seg på armane. Han tok til å skjelve. Han blei kald. Kulden stakk i han. Han reiste seg.

– Erik? sa mora. – Kva er ...

Ho slutta å snakke og reiste seg ho òg.

– Kva skjer? spurde Erik. – Eg veit ikkje, sa mora.

Erik fekk plutselig auge på ei høg, majestetisk kvinne som stod mellom nokre steinar. Ho hadde grøn kjole på seg og såg vakker ut. Erik kjende at han berre måtte bort til henne.

– Nei! Erik! ropte mora da han byrja å gå.

Erik hørde henne, men rista henne av seg. Det einaste han ville, var å komme fram til kvinna med den grønne kjolen. Mora ropte at den grønkleddde var farleg, men han berre gjekk og gjekk.

– Kire, kviskra den grønkleddde kvinna. – Kire ... Kom, kjære Kire. Du er min no. Stemma var hås.

– Ja, ja, eg kjem ...

Men mora kom han i forkjøpet. Med eit hyl sette ho ein kniv rett i brystet på den grønkleddde, mens ho ropte: – Du får han ikkje! Ikkje han! Du får ikkje sonen min!

Erik vakna av transen han var i. Kvinna var ikkje lenger vakker og grønkledd. Ho var ei vanleg kvinne i blå anorakk.

Erik snudde seg og sprang. Han skreik til eit stort tre: – Det var ikkje eg! Eg gjorde ingenting! Han sokk gråtande saman i fosterstilling. Da ein bonde fann han ein time seinare, låg han framleis slik. Mora fann dei ved kvinna ho hadde drepe. Ho gjekk rundt og snakka vilt og usamanhengande. Erik bestemte seg for aldri å snakke om den grønkleddde att.

*Forenkla med løyve
frå Terje Tornes*

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B
side 253.

Gjer oppgåvene
1, 4, 5, 6, 7.